

## Saksprotokoll

---

**Organ:** Kommunestyret

**Møtedato:** 17.06.2021

---

**Arkivsaksnr.:** 20/5054-42

**Saksnr.:** 50/21

### Saksprotokoll - Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030

#### Handsaming:

**Frå \* låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Rådmannen rår plan- og forvaltingsutvalet til å gje slik tilråding:**

**Plan- og forvaltingsutvalet rår formannskapet til å gjere slikt vedtak:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Samfunnsplanen for Sogndal kommune 2021-2030 vert vedteken slik han ligg føre, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med følgjande endringar:

Endringar i Utviklingslokomotivet Sogn, side 14:

- Endring i punkt 3 b: «Prioritere rasskring og gul midtstripe på riksvegar og utgreie bru mellom Mannheller og Fodnes for å knyte bu- og arbeidsmarknadsregionen tettare saman»
- Endring i punk 3 c: «Prioritere å bygge alliansar for aust-vestaksen mellom kysten og Hønefoss med tunnel under Hemsedalsfjellet»
- Nytt punkt som endring til tilrådinga frå Plan og forvaltning: «Arbeide for utbetring av Rv. 13 og realisering av Vikafjellstunnelen»

Ny setning under fruktbare tettstader, ny setning:

- «Kultur og frivilligheit i form av deltaking i kulturopplevingar og kulturarbeid, aktiv samfunnsdeltaking og organisasjonsarbeid er sentralt her.»

På side 10, tillegg etter tekst i punkt J:

- «Etablere gode samarbeid med grunneigarar om, og arbeide aktivt for, tilkomst og parkering som gjer utfartsområde tilgjengelege for ålmenta»

2. Rådmannen får fullmakt til å justere skriftfarge for endringar frå raudt til svart før planen vert gjort offentleg.

**Habilitet:**

## **Endringsframlegg:**

Endringsframlegg frå Venstre:  
Satsingsområde Best på oppvekst:

Resultatmål 3 – Føregangskommune for barnehage- og skuleutvikling

1. Framlegg om nytt punkt: Jmf. innspel frå Sogndal kulturråd  
Legge til rette for at skular og barnehagar har rom og utstyr som inspirerer til kulturelle aktivitetar, og bruke kulturtilbodet i kommunen aktivt i skule og barnehage

Resultatmål 5 – Lokalsamfunn som innbyr til aktivitet, opplevingar og sosiale møte

2. Framlegg om tillegg i tittel: Jmf. innspel frå Sogndal kulturråd: Lokalsamfunn som innbyr til fritidsaktivitet, kulturelle opplevingar og sosiale møte
3. Nytt punkt: Jmf. innspel frå Sogndal kulturråd:  
Styrke kulturtilbodet ved å legge til rette for samarbeid mellom amatørar og profesjonelle utøvarar
4. Nytt punkt, jmf innspel Sogndal ungdomsråd:  
Tilrettelegge kunst-, kultur- og kreative tilbod for born og ungdom

Satsingsområde Fruktbare tettstader:

Resultatmål 1, Attraktive tettstader som tilbyr varierte funksjonar og gir trivsel

5. Framlegg til nytt punkt:  
Legge til rette for bustad- og tettstadutvikling basert på lokale føresetnader, ta ei aktiv rolle og stimulere til samarbeid.
6. Framlegg til nytt punkt:  
Samarbeide med bransjeaktørar og innbyggjarar om å utvikle konsept for minihus som modell for fortetting, i tettstadene, grender og gardstun

Resultatmål 2, Inkluderande tettstader som involverer innbyggjarane og verksemdene:

7. Framlegg til nytt punkt, med utgangspunkt i innspel frå kulturrådet:  
Vidareutvikle biblioteket som lågterskel møteplass for kunnskap, debatt og kulturopplevingar for alle
8. Framlegg til nytt punkt:  
Støtte oppunder initiativ som legg til rette for at profesjonelle kunst- og kulturaktørar vel Sogndal som arbeids- og utstillingsstad

Resultatmål 4, Miljøvenlege tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi- og ressursbruk:

9. Framlegg til nytt punkt:  
Etablere ordningar og samarbeid som hindrar forsøpling og forureining på offentleg og privat grunn

Satsingsområde Utviklingslokomotiv for Sogn

Resultatmål 2, Saman med Sogn, ha ein tydeleg posisjon mot regionale og nasjonale myndigheiter:

10. Framlegg til nytt punkt:

Fremje Sognefjorden som attraksjon og unikt område i verdensklasse, og jobbe aktivt for gode vilkår for natur- og artsmangfaldet

Frå Sosialistisk Venstreparti:

11. Tilleggspunkt:

Rådmannen får fullmakt til å gjere ev redaksjonelle endringar i tråd med vedtak i sak 56 Språkbruksplan.

Satsingsområde 4: Fruktbare tettstader

12. Flytte 4.2 a, c og d til 4.1.

13. Flytte 4.1 a-c til nytt 4.2 Bustadbygging

14. Nytt 4.2 Bustader for alle

- a. Etablere kommunalt tomteselskap og bustadbygging i regi av bustadbyggelag.
- b. Ikkje tillate omgjerung av familiebusader til utleigeobjekt.
- c. Legge til rette for gode busader for alle livssituasjonar, også for eldre.
- d. Utvikle eller bidra til gode omsorgsbustader i alle tettstader.
- e. Legge til rette for rimelege busader for førstegongsetablerarar, både einslege og småbarnsfamiliar.
- f. At det må vere rom for varierte bustadformer. Det må leggest til rette for eigeninnsats, utbygging i regi av bustadbyggelag og leige-til-eige.
- g. Stille klare kvalitetskrav og klimakrav til utforming av nye busader og bustadområde.
- h. Legge til rette for «klyngetun» med miljøvenlege busader og høve til å delta i matproduksjon.

**Utsettingsframlegg:**

Ordførar fremja eit utsettingsframlegg om utsetting med ei veke.

**Avrøysting:**

Utsettingsframlegget vart vedteken samrøystes.

**Dette gir følgjande vedtak:**

Saka (sak 50/21) vart utsatt med ei veke til kommunestyret 24. Juni 2021.